

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/7477-1

## Trafikktryggingsprisen 2016

### Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Trafikktryggingsprisen for 2016 vert tildelt:

#### Vedlegg:

Bilder av kulvert  
Retningsliner for tildeling

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Bakgrunn for at saka er reist**

I FT-sak 39/94 vedtok fylkestinget retningsliner for tildeling av «Fylkeskommunal trafikktryggingspris» i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Retningslinjene ligg som vedlegg til saka.

*Trafikktryggingsprisen 2016* vart annonsert i avisene 19. og 20. august, med frist 3. september på forslag til kandidatar. Det kom ingen forslag på aktuelle kandidatar innan fristen.

Gjennom arbeidet i Statens vegvesen er FTU-sekretæren kjent med ei sak på fv. 57 i Gulen kommune, der tiltakshavar bør vurderast som kandidat til prisen inneverande år.

### **2. Saksopplysningar**

Etter søknad frå Anne og Helge Brakstad ga Statens vegvesen i mai 2016 løyve til bygging av ein kulvert under fylkesveg 57 ved Heggelund i Gulen kommune. Kulverten skal nyttast av mjuke trafikantar.

Prosjektet er gjennomført!

På førespurnad har Anne og Helge Brakstad gitt følgjande opplysningar om sitt tiltak:

*Vi har gjort en innsats for trafikktrygging ved FV57, på Heggelund. Gnr: 54 Bnr: 2/3 og 10, i Gulen Kommune. Eiendommen ble kjøpt i år 2000, ligger tett ved sjø, og er delt med FV57. Vi merket raskt at avkjørsel inn til eiendom var skummelt farlig. Vi har fra da, hatt mange nesten ulykker, både med bil og myke trafikanter.*

*I år 2015 ordnet vi avkjørsel til eiendom som hadde en kostnad på ca kr. 400 000.-*

*Og startet planleggingsarbeidet med kulvert for myke trafikanter.*

Arbeidet er no ferdig. Kulvert er 12 meter lang, har en dimensjon på 2,3 meter i diameter. Murer ved inngang til kulvert er murt med maskin murstein.

Arbeid med kulvert har hatt en kostnad på kr. 980 000.-

Det er mange som bruker eiendommen, alle disse myke trafikantene kan i dag passere FV57 på en trygg og sikker måte.

### **3. Vurderingar**

Trafikktryggingstiltaket gjer at mjuke trafikantar kan krysse fylkesvegen via kulvert under vegen. Dette på ein kryssingsstad som har dårlege siktforhold. Tiltaket er difor vurderert som eit veldig godt trafikktryggingstiltak.

Tiltaket er utført og finansiert av privatpersonar. At eit så stort og omfattande tiltak om lag på 980 000 kroner vert utført og finansiert privat, finn vi unikt. Anne og Helge Brakstad har med dette i praksis vist uvanleg stor vilje til å prioritera trafikktryggleiken.

I tillegg så har dei altså flytta/utbetra avkøyrsla for om lag 400 000 kroner. Også dette er eit godt trafikktryggingstiltak.

Det må òg nemnast at som følge av bygginga av kulverten har fylkesvegen vorte litt breiddeutvida lokalt, noko som gir betre plass med møtande køyretøy. Sideterrenget på oppsida av vegen er utbetra/ufarleggjort. Gamalt rekkverk på sjøsida er skifta ut med nytt og forsterka rekkverk. Statens vegvesen/fylkeskommunen har bidrege med ein liten del til nytt rekkverk. I tillegg har vegen fått nytt dekke i om lag 40 m lengde. Så tiltaket har bidrege positivt også med tanke på framkoma og tryggleiken på fylkesvegen.

### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren legg fram saka utan tilråding.